

Finst denne planten andre stader?

06.07.2015



Kjenner de til stader denne veks?

**Ståle Eik har sendt oss nokre bilete av ein plante som har blitt langt sjeldnare med åra, og som no er ein trua planteart. I barndommen hugsa eg langt fleire av desse plantene, og eg meiner vi brukte namnet solblom på den. Ståle har tatt bileta ein stad på Kjærland og spør om nokon veit om andre veksestader i Uskedalen og Kvinnherad no.**

Ståle har googla litt og mellom anna funne at solblom er ein trua og sjeldan fleirårig plante med ein grunnstilt rosett av blad. Blada er smalt eggeforma og heilranda med talrike, ganske stive hår på begge sider.



[Kjært barn har mange namn](#)

Han har også funne at det er ein plante som folk har vore opptatt av i lang tid, og det er medverkande til at den har mange namn. På Romerrike vert den framleis kalla gul prestekrage, og i Agder bruker eldre sláttekarar namna hestablom og tobakksblom. I Blytt sin flora vart den kalla både solblom og jonsokblom. Andre nemner mange gamle lokale navn som slåttmann, slátteblom, nyseblomst, hestafivel, sankthansblom, stokksvæve, tobakksrose, tobakkssoleie, snusblad, ølkong og fyllegras.

Lukta er kraftig om ein stikk nasa ned i blomen, derfrå kjem namnet nyseblom. Tørka blomar og blad har vorte brukt som tobakksurrogat. Den byrjar å blomstra rundt sankthans, jonsok. Av det kjem det namnet. Svenskane kallar blomen for slåttergubben og eit svensk vers seier: 'Når slåttergubben kommer med piga og dreng, då er tid før bonden att berga sin eng.'



[Dette bildet viser tydeleg dei tre første blomane som pleier å koma på planta.](#)

Ståle Eik er altså interessert i å høyra om andre stader i vårt område der denne planten veks. Kjekt om dei som har opplysningar om dette, tar kontakt direkte med han, eller med oss på nettsida. I og med arten er trua, er det også viktig at vi i fellesskap sikrar den for ettertida.

Eg har spurt plantekjennar Inga Tveito, utflytt uskedeling, om ho har supplerande opplysningar. Ho fortel m.a.: Eg veit berre at den veks ein stad på Kjærlandssido noko Ståle fortalte for nokre få år sidan. For over 40 år sidan vaks også solblom her på Døsslandssido (nedfor den nye parkeringsplassen ved hovudvegen, ved H.Raudstein).

Den skal veksa på bakkar, lyngheier og på lyngmark, og veks på Vestlandet opp til Romsdal og på Austlandet til Sør Trøndelag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ståle Eik